

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I SØR-FRON KOMMUNE

1 EIGAR

Sør-Fron kommune eig dei kommunale barnehagane.

2 FORMÅL

Dei kommunale barnehagane i Sør-Fron skal drivast i samsvar med lov om barnehagar gjeldande frå 1.1.2006, forskriftene og retningslinene som departementet til ei kvar tid fastset, og kommunale planar/vedtak.

Barnehagane skal arbeide i nær kontakt med lokalsamfunnet, slik at barna får kjennskap til si eiga bygd og sin lokale kultur.

Verksemda skal byggje på dei etiske grunnverdiane som er forankra i lov om barnehagar § 1. Paragrafen har slik ordlyd:

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

Nynorsk er opplæringsmålet i Sør-Fron kommune, og skal så langt det er mogleg brukast i songar og litteratur i barnehagane.

3 LEIING

Barnehagane ligg administrativt under kommunalsjef for levekår. Kvar barnehage skal leiast av ein barnehagestyrar.

4 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval slik lov og forskrifter krev. Foreldrerådet er eit utval som er samansett av 2 foreldre frå kvar avdeling i barnehagen. Styrar deltek på møte i foreldrerådet. Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval med 6 representantar, 2 foreldre/føresette og 2 representantar for dei tilsette. Styrar og ein politikar valt av kommunestyret representerer eigaren.

Årsplanar/planar for det pedagogiske innhaldet i barnehagen skal leggjast fram for foreldrerådet og fastsetjast av samarbeidsutvalet.

Personalet og samarbeidsutvalet har teieplikt etter § 13 i forvaltningslova.

5 OPPTAK

5.1 Opptaksnemnd

Hovudopptak blir gjort av ei opptaksnemnd som består av 2 kommunale barnehagestyrarar og eigar av Øverbygda familiebarnehage.

Styraren i den største barnehagen er leiar i opptaksnemnda.

Opptaksnemnda har rett og plikt til å gjera hovudopptaket av barn i alle godkjente barnehagar i kommunen inkludert private barnehagar. Søknader om opptak i barnehagen blir besvart med enkeltvedtak av opptaksnemnda ved leiaren.

Opptak utanom hovudopptaket blir gjort fortløpande av barnehagestyrarane.

5.2 Opptakskriteriar

Opptakskrinsen for barnehagane i Sør-Fron kommune er barn som er busett i Sør-Fron kommune når barnehageåret tek til i august og som har søkt om plass innan søknadsfristen for hovudopptaket.

Ei heilheitsvurdering av barnet sin situasjon og samansetjinga i den enkelte barnegruppa skal liggje til grunn ved tildeling av barnehageplassar.

Barnehageplass er tildelt, uansett i kva for ein barnehage innan kommunen plassen er tildelt.

Retningsgjevande prioriteringar ved opptak:

1. Søknad om opptak skjer, fortrinnsvis elektronisk, på fastsett skjema etter kunngjering.
2. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars. Alle som ønskjer ny barnehageplass for nytt barnehage år må søkje.
3. Barn som er tildelt plass i barnehagen har plassen inntil barnet tek til i skulen.

4. Barnet har rett til å bli verande heile barnehageåret i den avdelinga barnet begynte i.
5. Søsken bør få tilbod om plass i same barnehage.
6. Barn med funksjonshemming/særlege behov. Dokumentasjon frå PPR, helsesyster eller lege må liggje ved søknaden.
7. Barn søkt inn etter lov om barnevernstenester § 4-4 (hjelpetiltak).
8. Barn der familiemedlemmar har langvarig sjukdom eller større psykiske eller fysiske vanskar som kan ha innverknad på barnet sin livssituasjon (dokumentasjon frå lege eller helsesyster må liggje ved søknaden).
9. Barn som er flyktningar og/eller framandspråklege.
10. Barn som har einsleg forsørgjar som er i arbeid eller utdanning, eller av andre vektige grunnar treng barnehageplass.
11. Barn som har båe føresette i arbeid eller utdanning.

Under elles like vilkår har dei eldste barna prioritet før dei yngste.

I følgje barnehagelova §12 a har barn som fyller 1 år seinast innan utgongen av august det året barnet søker barnehageplass, rett til plass i barnehage. Retten gjeld frå august.

Ved hovudopptak blir det halde att 1 full plass i kvar barnehage til eventuell klage.

Barn som bur i andre kommunar enn Sør-Fron kan etter søknad få tildelt barnehageplass, men må vere busett i Sør-Fron ved oppstart i august.

Barn som bur i andre kommunar kan få plass maksimum 1 barnehageår om gongen, og berre ved ledig kapasitet i barnehagen.

5.3 Klage på vedtak

Vedtak vedrørande tildeling av plass kan påklagast. Dersom søkjar vil påklage vedtaket om barnehageplass, skal klagen sendast til kommunen innan 3 veker frå det tidspunkt vedtaket er gjort kjent for søkjaren.

Kommunalsjef er klageinstans for klage på vedtak om opptak, jf. § 28 i forvaltningslova.

6 OPPTAKSPERIODE OG OPPSEIINGSFRIST

1. Søknad om opptak skjer, helst elektronisk, på fastsett skjema etter kunngjering.
2. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars.
3. Alle som ønskjer barnehageplass for nytt barnehageår må søkje.
4. Hovudopptaket skjer om våren.
5. Det blir gjeve tilbod om heildagsplassar, og ein kan søkje på dagkombinasjonar frå måndag til fredag.
6. Etter eigne retningsliner kan ein kjøpe enkeltdagar (sjå punkt 7, foreldrebetaling).
7. Tildelt barnehageplass kan seiast opp. Oppseiinga av barnehageplass skal vera skriftleg og skal sendast barnehagen v/styrar seinast 1 måned før barnet

sluttar. Det skal betalast for oppseiingsmånaden. Dersom plassen blir sagt opp etter 1. april må ein betale for plassen ut barnehageåret.

7 FORELDREBETALING

1. Sør-Fron kommunestyre fastset satsane for foreldrebetalinga innanfor dei reglane som Stortinget har fastsett. Eventuelle endringar vil normalt gjelde frå 1. januar.
2. Betalinga skjer i gjeldane månad.
3. I tillegg til opphaldsbetalinga blir det kravd kostpengar for å dekke utgifter til mat.
4. Ein betaler for barnehageplassen i 11 månader. Feriefråvêr gjev ikkje fritak frå betaling.
5. Barn som får spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7, får reduksjon i foreldrebetalinga for tida barnet får slik hjelp.
6. Dersom ein ikkje fullt ut nyttar den tida ein har fått, må ein likevel betale for det tilbodet ein har takka ja til.
7. Ved sjukefråvêr o.a. fråvêr som strekkjer seg samanhengande ut over ein månad, kan kommunalsjefen for personell og organisasjon etter søknad gi betalingsfritak for den tida som går ut over ein månad.
8. Søknad om permisjon frå barnehagen må sendast skriftleg til barnehagestyraren ein månad før aktuell permisjonsperiode. Styrar avgjer søknaden om permisjon inkludert spørsmål om betaling.
9. Ved manglande betaling mistar ein retten til barnehageplass.

Retningslinjer for kjøp av enkeltdagar i barnehagen:

1. Barnet må allereie ha barnehageplass i ein av kommunen sine barnehagar.
2. Det må vera ledig plass i barnegruppa.
3. Dagane må om mogleg avtalast minst 1 dag på førehand.

8 OPNINGSTID OG FERIAR

Barnehagane er opne frå klokka 06.45 til klokka 16.30 frå måndag til fredag.

Barn skal ha ferie minst 4 veker i løpet av barnehageåret. 3 veker skal vera samanhengande om sommaren. I tillegg har barnehagen stengt 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret.

Barnehagane held stengt 24. desember og 31. desember.

Dei kommunale barnehagane held stengt i romjula og i påskeveka.

I periodar med få barn i barnehagen vil tilbodet bli gjeve ved ein av barnehagane.

Oppstarten av barnehageåret er 16. august.

9 AREALUTNYTTING

Kunnskapsdepartementet sine rettleiande normar for arealkrav i barnehagar, skal vere norm for Sør-Fron kommune.

Arealnorm inne:

4 m² for barn over 3 år

5,3 m² for barn under 3 år

Arealnorm ute:

Minimum 6 gonger leike- og opphaldsareal inne.

Uteområdet skal vere eigna til allsidig leik og utfolding.

10 TEIEPLIKT

For verksemder som blir drivne etter lov om barnehager, gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13f tilsvarande, jf. barnehagelova § 20.

11 SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

Når det gjeld barn som har, eller er i ferd med å utvikle, funksjonshemming, skal barnehagestyrar, etter samtykke frå foreldre/føresette, ta initiativ til den naudsynte kontakt med helsetenesta, pedagogisk psykologisk teneste og/eller andre aktuelle instansar.

Barnehagen skal samarbeide med skulen for å sikre god overgang frå barnehage til skule.

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid vera merksam på høve som kan føre til tiltak frå barneverntenesta, jf. barnehagelova § 22.

Utan hinder av teieplikta skal barnehagepersonalet av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. lov om barneverntenester § 4-10, § 4-11 og § 4-12.

Det same gjeld når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. lov om barneverntenester § 4-24.

Også etter pålegg frå det organet som er ansvarlege for gjennomføringa av lov om barneverntenester, pliktar personalet å gje slike opplysningar.

Normalt er det styrar som skal gje opplysningane.

12 KOMMUNENS INTERNKONTROLLSYSTEM

Barnehagane skal drivast i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem, forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skuler og eventuelle andre forskrifter og føresegner som er gjeldande eller som måtte bli gjort gjeldande. Styrarane har ansvaret for at dette blir gjort.

13 VEDTEKTER

Vedtektene blir fastsette av Sør-Fron kommunestyre.